



Møteprotokoll

Hesby sokneråd

Møtedato: 19.03.2024 kl. 16:15
Møtestad: Kyrjekontoret, Hagatunet 4
Arkivsak: 23/04542

Til stades: Tor Øyvind Skeiseid, Heidi Kristin Urtegård, Solfrid Sevheim
Haga, Dorrit Vignes, Brit Leikvoll Børresen Idsøe, Odd Birger
Bleie, Terje Engstrøm

Frammøtte
varamedlemer:

Forfall:

Andre:Ingvild
Angelskår Moen

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
11/24	Godkjenning av innkalling og saksliste	2
Godkjenning av protokoll		
12/24	Godkjenning av protokoll frå førre møte	3
Saker til behandling		
13/24	Godkjenning av årsmelding for kyrkjelyden 2023	3
14/24	Offertildeling for hausten 2024	4
15/24	Tomatfestivalkonserten	5
16/24	Open kyrkje gjennom sommaren?	6
17/24	Førebuande sak vedgåande gjevarteneste	6
18/24	Vidareføring av inspirasjonssamlinga 6. febr.	7
19/24	Utnemning av representant til diakoniutvalet og bønnesamlinga	8
Orienteringssaker		
20/24	Orienteringssaker	9
Eventuelt		

Finnøy 16.07.2024

Tor Øyvind Skeiseid
Leia

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

11/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	11/24

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlem om lag ei veke før møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

12/24 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	12/24

Saksorientering

Referatet vart sendt ut til dei frammøtte i førre møte og evt endringar er teke med i det endelege referatet som ligg ved.

Forslag til vedtak

Endeleg referat vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak

Protokoll frå førre møte vert endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

13/24 Godkjenning av årsmelding for kyrkjelyden 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	13/24

Saksorientering

Årsmeldinga er vedlagt og vert lagt ut på finnoykyrkja.no Årsmøte er i Hesby kyrkje 9. juni kl 12 og me lager ein presentasjon med bilete til årsmøte. Ønskeleg at

årsmeldinga vert sendt til Øyposten. I statistikkdelen er det ønskeleg å ha meir prosentdelar vedgåande konfirmantar og dåp.

Forslag til vedtak

Årsmeldinga vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Årsmeldinga er godkjent slik den ligg føre. Det som elles kom fram i møtet vert teke til orientering.

[Lagre vedtak]

14/24 Offertildeling for hausten 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	14/24

Saksorientering

Forslag til vedtak

Gudstenestelista vert godkjent slik den ligg føre med evt endringar som kjem fram i møte.

Møtebehandling

Offerlista låg ved. Det er 5 ofringar til eigen kyrkjelyd og 5 (6) ofringar til misjonsprosjektet gjennom året. Dei «lokale» (Med hjerte for India, Fred i Colombia og Cochabambarn) har ei ofring kvar, Open hall har ei, ungdomslaget har konfirmasjonsgudstenestene og påskedag. Søndagsskolen Norge og KFUK og KFUM speidarar har ei kvar, NMS og Bibelselskapet har kvar si, Normisjon og Israelmisjonen har kvar si og Sambolaboprojektet/Rogalandsgarden har hausttakkefesten.

Vedtak

Offerlista vert godkjent slik den ligg føre. Me følger opp initiativa som kom fram i møtet.

[Lagre vedtak]

15/24 Tomatfestivalkonserten

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	15/24

Saksorientering

Hesby sokn er spurt frå komiteen for tomatfestivalen om ein konsert i Hesby kyrkje 16.-18.aug. Me må avklare med komiteen om kva dag/tid som er best. Har nokon forslag om artist/type arrangement? Det kan søkjast til Kirkekulturell myldring om støtte for konserten, dette kan artist gjere sjøl eller me kan gjere det som sokn via kontor/dagleg leiar. Frist 30. april. Det har vore om lag 100 – 150 personar på desse konsertane. Konserten med Gilberdal i 2022 gav eit lite overskot til soknet, konserten med Oskar Nordbø i fjor blei arrangert av han, om lag 100 personar kom, det same gjorde det i 2021 med Oskar N.

Forslag til vedtak

Det blir i møte drøfte ulike forslag til aktør for konserten og måte å gjennomføre dette på.

Vedtak

Det er plan om konsert søndag 18. aug. Tanken er honorar til utøvarane, samt lyd og evt overskot til kyrkjelyden.

[Lagre vedtak]

16/24 Open kyrkje gjennom sommaren?

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	16/24

Saksorientering

Kva tankar har soknerådet om å ha open kyrkje gjennom sommaren? I 2023 hadde me ope v/1 frivillig eller 1 tilsett til stades 7 helger (laurdag og sundag), samt 7 onsdagar to timar kvar dag. F.eks kl 12 – 14 Totalt var 68 personar innom. NB! Må hugse å bruke gjesteboka. Besøket varierte frå ingen til sju besøkande kvar gong. Nokon av dei som er tilsette i Fellesrådet kan vere i kyrkja onsdagar kl 12 – 14, resten bør evt dekkjast av frivillige.

Forslag til vedtak

Soknerådet rår til at det er ope også denne sommaren.

Vedtak

Soknerådet ønsker å ha open kyrkje onsdag, laurdag og sundag gjennom sommarvekene. Dagleg leiar sender ut førespurnad til dei som var med i fjor, samt andre om å vere med. Ein må også vere aktiv med å spørje folk direkte.

[Lagre vedtak]

17/24 Førebuande sak vedgåande gjevarteneste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	17/24

Saksorientering

Soknet er oppmoda til å tenke nytt om ei utvida gjevarteneste. Pr. i dag har sokna i Finnøy ei pågåande gjevarteneste til trusopplæring via Fellesrådet. Potten til trusopplæring er for liten og me treng meir eigne midler til dette arbeidet.

Forslag til vedtak

Soknerådet lagar ein plan for korleis me skal presentera og gjennomføra fast gjevarteneste.

Møtebehandling

Det er behov for felles gjevarteneste i sokna for støtte til trusopplæringa. Behovet er om lag 40 – 50 000,- totalt.

Må tenke ein positiv lada kampanje ut til folket. Målet er å ha dette klart i løpet av våren. Det må og komme ei god teknisk løysing. Fellesrådet held på å prøve ut solidus.

Vedtak

Det vert sett opp ein komité som kan jobba med dette framover. Heidi og Reidun frå staben, samt Tor Øyvind og evt 1 – 2 frå dei andre sokna.

[Lagre vedtak]

18/24 Vidareføring av inspirasjonssamlinga 6. febr.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	18/24

Saksorientering v/Tor Øyvind

- Kva tar me tak i når? Kort diskusjon. Men, der mitt forslag er:
 - Fest og basar i høve opning kyrkja:
 - Maimøtet: Setja ned komite/evt kven spør me i tillegg til å ha ansvar
 - Ta opp tankar på septembermøtet
 - Og så er det litt ekstra arbeid i oktobermøtet som me har
 - Song og slikt i gudstenesta – ta i maimøtet når Bjørn Terje er der
 - Praktisk kyrkja/framtid:
 - Marsmøtet:
 - Orientering om kva som er sendt inn/blir sendt inn til HØP
 - Maimøtet
 - Kva gjer me mtp Sakristi og servicebygg
 - Sept-møtet:
 - Koss har trusopplæingsoppmøte vore i år? Tiltak?

- Oktober-ekstrasamling:
 - Tilbygg/forsamlingsbygg - plan

Forslag til vedtak

Saka vert teken til orientering

Vedtak

Saka vert teken til orientering

[Lagre vedtak]

19/24 Utnemning av representant til diakoniutvalet og bønnesamlinga

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	19/24

Saksorientering

Anne Hapnes Hindal er no busett på Finnøy og ho har tidlegare representert Talgje sokn i diakoniutvalet, formelt er ho for dei neste to åra med i utvalet på vegne av Hesby sokn, i lag med Solfrid Sevheim Haga.

Else Vignes er med i komiteen for bønnesamlinga på vegne av soknerådet denne perioden.

Forslag til vedtak

Soknerådet utnemner Anne Hapnes Hindal til diakoniutvalet ut 2025 og Else Vignes til komiteen for bønnesamlinga for denne soknerådsperioden.

Vedtak

Soknerådet utnemner Anne Hapnes Hindal til diakoniutvalet ut 2025 og Else Vignes til komiteen for bønnesamlinga for denne soknerådsperioden.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

20/24 Orienteringssaker

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	19.03.2024	20/24

Saksorientering

Sakene blir lagt fram munnleg i møte og det skriftlege forventast at er gjennomlese.

Forslag til vedtak

Sakene blir tatt til orientering

Møtebehandling

Me syng jula inn 14. des på Utsyn – lokal komité

Oppfølging ang. planar for kyrkjebåten 19. mai NB! Embleme – Heidi sender info til Solfrid. Me sjekkar opp vedg. om båten er blitt trutna før den kjem til oss.

Heidi BS følger opp leigeavtale med styret i Bethel i samråd med kyrkjevergen.

Referat frå Stavanger krk fellestråd

Info om familietaco på Emmaus x 1 fredag pr mnd. første gong 22. mars v/Oddvar Vignes og co på vegner av sokneådet. Hugs evt søke midlar frå «Inkluderande måltid»

Orientering om kva som blir sendt inn til HØP 2025 – 2028

Rapport frå synfaring med byggsjef – skriftleg referat og munnleg supplement.

Referat byggmøte – skriftleg

Neste møte er 28. mai

Vedtak

Sakene blir tatt til orientering

[Lagre vedtak]

Fokus diakoni– Ingvild A Moen var med i møtet. Årskavalkade i bilete frå arbeidet i 2023

Dialog med soknerådet, det kom innspel om ordlyd ang. tiltaket «Utepraten» - me tek med oss gode innspel vidare.

Eventuelt